ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Frekhaug Bolig AS
Mjåtveitflaten 55
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 22/363 - 23/10122 | Hanne Marie Evensen<br>hanne.marie.evensen@alver.kommune.no | 06.02.2023 |

# Ferdigattest einebustad- gbnr 315/14 Hopland

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 132/23** |
| **Tiltakshavar:** | Nils Åge Skjelvik |
| **Ansvarleg søkjar:** | Frekhaug Bolig AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om ferdigattest |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av fritidsbustad, samt oppføring av ny einebustad på gbnr 315/14.**
**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.04.2022. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 03.02.2023.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Hoplandsvegen 105 |
| Bygningstiltak: | Einebustad |
| Bygningsnummer: | 301048263 |

| | |
|---|---|
| Bruksareal: | 226,0 $m^2$ |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Privat |
| Tal på røykløp: | 1 |

**Regeleverk**

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/363

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hanne Marie Evensen
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Frekhaug Bolig AS | Mjåtveitflaten 55 | 5918 | FREKHAUG |
| Nils Åge Skjelvik | HOPLANDSVEGEN 95 | 5919 | FREKHAUG |